SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

# MØTEBOK

| | |
|---|---|
| **Organ** | **Hovudutval for næring og kultur** |
| **Møtestad** | **Åmot gard, Bygstad** |
| **Møtedato** | **01.10.2019** |
| **Kl.** | **08:30 – 11.20** |

| | |
|---|---|
| **Faste medlemer til stades:** | **Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar** |
| | **Aleksander Øren Heen, Sp** |
| | **Erlend Haugen Herstad, Sp** |
| | **Hilmar Høl, Ap** |
| | **Marita Aarvik, uavhengig** |
| | **Jon Olav Kvamme, KrF** |
| **Forfall til møtet:** | **Torbjørn Vereide, Ap** |
| | **Jakob Andre Sandal, SV** |
| | **Anne Lilleaasen, H** |
| **Varamedlemer til stades:** | **Arve Mjømen, H** |
| **Til stades med møte- og talerett:** | **Fylkesdirektør Jan Heggheim** |
| | **Ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad** |
| | **Ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen** |
| **Sekretariat for møtet:** | **Helga Bjørkhaug** |

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutvalet vedtok at alle møtande medlemane i utvalet skal godkjenne og underskrive den siste møteboka.

Orientering om Regionalt Pilegrimssenter i Sogn og Fjordane:
Flora kommune ved ordførar Ola Teigen og kultursjef Margit Drivenes Kløvfjell.
Selje kommune ved rådmann Kristine Dahl og Sunniva Djupedal, Therese Lien Smenes og Maria Vengen, Blåmyra Design.

Aleksander Øren Heen etterlyste ei orientering om Framtidsfylket, deira rolle og utvikling framover. Fylkesdirektøren orienterte.

Ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen orienterte om satsingar på nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt.

Fylkesdirektøren orienterte om Verkemiddelgjennomgangen og rolla til fylkeskommunane.

## SAK 57/19 Skriv og meldingar - hovudutval for næring og kultur

**Følgjande skriv og meldingar vart lagde fram til orientering:**

1. Svakast breibandsdekning - størst reduksjon i støtte frå staten
    a. Forslag til fordeling av breibandmidlar for 2020
2. Søknad om midlar til ferdigprosjektering av fiskerihamner
    a. Tilskot til ferdigprosjektering av fiskerihamnetiltak - tildeling Kalvåg fiskerihamn
    b. Retningslinjer tildeling ferdigprosjektering 2019
3. Svar - Svelgen Opp og Fram - søknad om midlar
4. Svar - søknad om fylkeskommunal støtte til etablering av Sogn Kunstisbane
5. Den kulturelle skulesekken (DKS) - fordeling av spelemidlar til kommunane for skuleåret 2019 - 2020
    a. Fordeling av DKS-midlar til kommunane 2019-2020
6. Svar - Til stiftarar av Førdefestivalen
7. Innspel til språkmelding
8. Regionreforma - Invitasjon til drøftingsmøte med kulturdepartementet om oppgåvefordeling på kulturområdet
    a. Invitasjon til fylkeskommunane - drøftingsmøter av oppgavedeling på kulturområdet
    b. Til drøfting- tilskuddsposter sortert per fylke
    c. Oversyn over regionale kulturverksemder med statleg tilskot
    d. Regionreforma - Invitasjon til drøftingsmøte med kulturdepartementet om oppgåvefordeling på kulturområdet
9. Høyring om endra vedtekter for Musea i Sogn og Fjordane
10. Svar - Høyringsbrev - Forslag til ny forskrift om tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap i jordbruk
11. Den kulturelle spaserstokken 2020 - Tildelingar
12.Søknad om tilskot til finansiering av stilling som kulturvernforvaltar
    a. Søknad RA Kulturvernforvaltar
13. Kulturmidlar 2019 - Kunstnarstipend
14. Protokoll ekstraordinær generalforsamling Sogn og Fjordane teater
15. Kulturminneforvaltninga i regionreforma – overføring av oppgåver og mynde til fylkeskommunane, skriv frå Klima- og miljødept.

-------------------------------------------------------

## SAK 58/19 Regionale utviklingsmidlar 2019 - fordeling 3

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Fagskulen i Sogn og Fjordane får 550 000 kr. til fagskulestudiet – Mjølkeproduksjon ved bruk av robotteknologi.
2. Framtidsfylket AS får 250 000 kr. til gjennomføring av karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2020.
3. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får 100 000 kr. til prosjektet «Pitchekonkurransar for gründerar og driftige folk». Det er ein føresetnad at midlane kan tildelast i tråd med statsstøtteregelverket.
4. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «3-årig prosjekt for å tilrettelegge møteplasser med mål om meir nyskaping frå helsesektoren»

5. Vestnorsk filmkommisjon får 300 000 kr. i driftsstøtte for 2020.
6. Sogn regionråd får 400 000 kr. til gjennomføring av det første året av prosjektet «Sogn for alle - integrering og inkludering».
7. Aksello AS får avslag på søknad om tilskot til «Rekrutteringsprosjekt».
8. Lærdal Næringsutvikling AS får avslag på søknad om støtte til «Utviklingsprosjekt Øyraplassen 14 AS».
9. Strukturplast AS får 410 000 kr til prosjektet «NCMT - Norwegian Center for Material Technology».
10. Sogn Regionråd får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «Profil og merkevarebygging av Sogn».
11. Aksello AS får avslag på søknad om tilskot til «Globalisering i næringslivet».
12. Aksello AS får avslag på søknad om tilskot til «Hovudprosjekt Havbruk».
13. Mediefondet Zefyr får 215 000 kr. i driftsstøtte for 2020.
14. Nasjonal klynge for campingnæringen får 240 000 kr til prosjektet «Bærekraftig campingnæring i Sogn og Fjordane».
15. Det vert løyvd 400 000 kr. til prosjektet «Videobasert bestandsovervaking av Lærdalselvi». Fylkesdirektøren får fullmakt til å følgje opp justert søknad og gjere endeleg vedtak.
16. NORCE klima får 200 000 kr. til utvikling av Senter for forskningsdrevet innovasjon (SFI) om klimavarsling. Midlane skal dekke første året innan landbruksnoden i prosjektet. Tilskotet føreset at NORCE får innvilga søknaden dei skal sende til Forskingsrådet. Eventuelt tilskot frå hausten 2021 vert å ta stilling til av Vestland fylkeskommune.
17. Det vert sett av 2,13 mill. kr. til ekstra breibandsatsing i Sogn og Fjordane i 2019. Og til prosjekt for å ta i bruk teknologiske løysingar som breiband opnar for, herunder arbeidet med smarte bygder. Tildeling til breiband-prosjekt vert gjort administrativt i tråd med liste over prioriterte prosjekt i HNK-sak 41/19. Det er ein føresetnad at midlane blir tildelt i tråd med statsstøtteregelverket. Midlane vert sett i samanheng med dei ekstramidlane til breiband som venteleg vert sett av i samband med tertialrapport 2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere dei midlane som går til prosjekt for å ta i bruk teknologiske løysingar.
18. Det vert sett av 200 000 kr for å sikre deltaking i NTRANS ut 2021.
19. Det vert sett av 1,4 mill. kr til ei satsing på nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt.
20. Sagastad Drift AS får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «Utvikling av audioguide Sagastad»
21. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere eventuelle restmidlar frå INU-ordninga i tråd med føremål beskrive i fylkestingssak 19/17.
22. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere resterande driftsmidlar på næring og kultur sitt budsjett for 2019.
23. Tilskota vert finansiert slik:
    a. Tilskotet til fagskulen i Sogn og Fjordane vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
    b. Tilskotet til Framtidsfylket AS vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015 - Nyskaping.
    c. Tilskotet til Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015 - Nyskaping.
    d. Tilskotet til Vestnorsk filmkommisjon vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7019 - Andre næringsområde.
    e. Tilskotet til Sogn regionråd vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7019 - Andre næringsområde.
    f. Tilskotet til Strukturplast AS vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
    g. Tilskotet til Mediefondet Zefyr vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7019 - Andre næringsområde.
    h. Tilskotet til Nasjonal klynge for campingnæringen vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
    i. Tilskotet til Stiftelsen Norsk villakssenter vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
    j. Tilskotet til NORCE klima vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015 - Nyskaping.
    k. Tilskot til ekstra breibandsatsing vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
    l. Tilskotet til deltaking NTRANS vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar.

  m. Tilskot til satsing på nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015 - Nyskaping.

24. Fylkesdirektøren set nærare vilkår i tilskotsbrev

**********************************

Hovudutvalet vurderte gildskap for Aleksander Øren Heen under handsaming av saka.
Hovudutvalet vurderte Aleksander Øren Heen som ugild under handsaming av punkt 8 i tilråding til vedtak.

**Endringsframlegg:**
Aleksander Øren Heen, Sp, sette fram slikt framlegg til endring i punkt 10 i tilrådinga:
Tilskot til Sogn Regionråd sitt prosjekt «Profil og merkevarebygging av Sogn» vert tildelt kr 250 000 kr. Tilskotet vert dekka med restmidlar frå næring og kultur sitt budsjett.

**Avrøysting:**
Punkt 8 i tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke.
Framlegg frå Aleksander Øren Heen til endring i punkt 10 vart samrøystes vedteke.
Punkt 1-7, punkt 9 og punkt 11-24 vart deretter samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fagskulen i Sogn og Fjordane får 550 000 kr. til fagskulestudiet – Mjølkeproduksjon ved bruk av robotteknologi.
2. Framtidsfylket AS får 250 000 kr. til gjennomføring av karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2020.
3. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får 100 000 kr. til prosjektet «Pitchekonkurransar for gründerar og driftige folk». Det er ein føresetnad at midlane kan tildelast i tråd med statsstøtteregelverket.
4. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «3-årig prosjekt for å tilrettelegge møteplasser med mål om meir nyskaping frå helsesektoren»
5. Vestnorsk filmkommisjon får 300 000 kr. i driftsstøtte for 2020.
6. Sogn regionråd får 400 000 kr. til gjennomføring av det første året av prosjektet «Sogn for alle - integrering og inkludering».
7. Aksello AS får avslag på søknad om tilskot til «Rekrutteringsprosjekt».
8. Lærdal Næringsutvikling AS får avslag på søknad om støtte til «Utviklingsprosjekt Øyraplassen 14 AS».
9. Strukturplast AS får 410 000 kr til prosjektet «NCMT - Norwegian Center for Material Technology».
10. Sogn Regionråd sin søknad om tilskot til prosjektet «Profil og merkevarebygging av Sogn» vert tildelt kr 250 000.
11. Aksello AS får avslag på søknad om tilskot til «Globalisering i næringslivet».
12. Aksello AS får avslag på søknad om tilskot til «Hovudprosjekt Havbruk».
13. Mediefondet Zefyr får 215 000 kr. i driftsstøtte for 2020.
14. Nasjonal klynge for campingnæringen får 240 000 kr til prosjektet «Bærekraftig campingnæring i Sogn og Fjordane».
15. Det vert løyvd 400 000 kr. til prosjektet «Videobasert bestandsovervaking av Lærdalselvi». Fylkesdirektøren får fullmakt til å følgje opp justert søknad og gjere endeleg vedtak.
16. NORCE klima får 200 000 kr. til utvikling av Senter for forskningsdrevet innovasjon (SFI) om klimavarsling. Midlane skal dekke første året innan landbruksnoden i prosjektet. Tilskotet føreset at NORCE får innvilga søknaden dei skal sende til Forskingsrådet. Eventuelt tilskot frå hausten 2021 vert å ta stilling til av Vestland fylkeskommune.
17. Det vert sett av 2,13 mill. kr. til ekstra breibandsatsing i Sogn og Fjordane i 2019. Og til prosjekt for å ta i bruk teknologiske løysingar som breiband opnar for, herunder arbeidet med smarte bygder. Tildeling til breiband-prosjekt vert gjort administrativt i tråd med liste over prioriterte prosjekt i HNK-sak 41/19. Det er ein føresetnad at midlane blir tildelt i tråd med statsstøtteregelverket. Midlane vert sett i samanheng med dei ekstramidlane til breiband som venteleg vert sett av i samband med tertialrapport 2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere dei midlane som går til prosjekt for å ta i bruk teknologiske løysingar.
18. Det vert sett av 200 000 kr for å sikre deltaking i NTRANS ut 2021.

19. Det vert sett av 1,4 mill. kr til ei satsing på nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt.
20. Sagastad Drift AS får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «Utvikling av audioguide Sagastad»
21. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere eventuelle restmidlar frå INU-ordninga i tråd med føremål beskrive i fylkestingssak 19/17.
22. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere resterande driftsmidlar på næring og kultur sitt budsjett for 2019.
23. Tilskota vert finansiert slik:
    a. Tilskotet til fagskulen i Sogn og Fjordane vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
    b. Tilskotet til Framtidsfylket AS vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015 - Nyskaping.
    c. Tilskotet til Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015 - Nyskaping.
    d. Tilskotet til Vestnorsk filmkommisjon vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7019 - Andre næringsområde.
    e. Tilskotet til Sogn regionråd vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7019 - Andre næringsområde.
    f. Tilskotet til Strukturplast AS vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
    g. Tilskotet til Mediefondet Zefyr vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7019 - Andre næringsområde.
    h. Tilskotet til Nasjonal klynge for campingnæringen vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
    i. Tilskotet til Stiftelsen Norsk villakssenter vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
    j. Tilskotet til NORCE klima vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015 - Nyskaping.
    k. Tilskot til ekstra breibandsatsing vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
    l. Tilskotet til deltaking NTRANS vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar.
    m. Tilskot til satsing på nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015 - Nyskaping.
    n. Tilskot til Sogn Regionråd sitt prosjekt «Profil og merkevarebygging av Sogn» vert dekka med restmidlar frå næring og kultur sitt budsjett.

24. Fylkesdirektøren set nærare vilkår i tilskotsbrev

-------------------------------------------------------

## SAK 59/19 Tertialrapport 2/19

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2019**

1 Budsjettert fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr

2 Rammetilskotet vert auka med 1,900 mill. kr

3 Lokale inntekter vert auka med 44,000 mill. kr

4 Bruk av bundne fond vert auka med 7,434 mill. kr og bruk av disposisjonsfond vert auka med 6,599 mill. kr

5 Utlån til andre vert auka med 2,000 mill. kr

6 Driftsmidlar til investering vert auka med 2,180 mill. kr

7 *Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 28,433 mill. kr Sektorbudsjetta vert auka med 23,322 mill. kr i tråd med vedlegg 2.*

8 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning, teneste 4210 Bygge- og eigedomsforvaltning, vert auka med 1,200 mill. kr.

9 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 1,200 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 4,200 mill. kr*
*Teneste 5200 Utdanningsprogramma vert redusert med 6,000 mill. kr*
*Teneste 5202 Gjesteelevar vert auka med 0,800 mill. kr*
*Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 8,000 mill. kr*
*Teneste 5901 Privatisteksamen vert redusert med 0,700 mill. kr*
*Teneste 5313 Jordbruksskulegardar vert auka med 0,900 mill. kr*

10 Sektorbudsjettet til *samferdsle* vert redusert med 1,800 mill. kr med slik fordeling

*Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar vert auka med 3,400 mill. kr*
*Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 0,500 mill. kr*
*Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 4,200 mill. kr*
*Teneste 7321 Båt – diverse vert redusert med 1,500 mill. kr*
*Teneste 7322 Båt – ekspress vert auka med 1,500 mill. kr*
*Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 0,500 mill. kr*

11 Sektorbudsjettet til næring og kultur vert auka med 25,620 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi (breiband) vert auka med 4,190 mill. kr. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele ihht. prioritert liste i HNK-sak 41/19.*

*Teneste 7015 Nyskaping vert auka med 14,310 mill. kr.*

*Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,500 mill. kr. Fylkesutvalet får ansvaret for å følgje opp denne løyvinga. Jf. samtidig sak om Mineralråd.*

*Teneste 7500 Kulturminnevern vert redusert med 0,380 mill. kr*

*Teneste 7750 Idrett vert auka med 6,000 mill. kr.*

12 Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 42,044 mill. kr, med slik fordeling:

- «Nynorskhus» i Førde med 18,000 mill. kr
- Skadefond for fylkesvegnettet med 24,044 mill. kr

**B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019**

1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 5.

2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 6.

**C. Andre områder**

1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 8 vert teken til vitande.

2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 9 vert teken til vitande.

---------------------------------------------------------

## SAK 60/19 Marint verdiskapingsfond 2019 - 2. utlysing

**VEDTAK:**

1 Ved 2. utlysing 2019 i Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane var det tre av dei seks søknadane som kom ut med god vurdering i høve relevans og kvalitet. Hovudutval for næring og kultur innstiller på slik finansiering:

Prosjekt «Forbedret ernæring av torskeyngel» med FjordAlg AS som søkjar vert tildelt kr. 200 000 i støtte frå Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane. Dette er same sum som omsøkt, og utgjer 50 % av kostnadene. Støtta vert gjeve som bagatellmessig støtte.

Prosjektet «Fullelektrifisering av havbruksnæringa» med Multivolt AS som søkjar får kr. 300 000 i støtte frå Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane. Dette er ein noko lågare sum enn omsøkt, då vi ser at oppdrettsnæringa bør inn med eigenkapital i dette prosjektet. Støtta utgjer 40 % av kostnadene. Støtta vert gjeve som bagatellmessig støtte.

Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane vil støtte forprosjektet til søknaden «Superlader for havbruksbåtar i Flora Havn» med Evoy AS som søkjer. Dei får tildelt kr. 250 000 til forprosjektet, noko som utgjer om lag 50 % av stipulerte kostnader til forprosjekt. Støtta vert gjeve som bagatellmessig støtte.

2 Fylkesrådmannen frå fullmakt til å følgje opp sakene.

---------------------------------------------------------

## SAK 61/19 Statsbudsjettet 2019 - kap. 1429 post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap

**VEDTAK:**

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Midlar frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71 vert fordelt til fyljande:

| | | |
|---|---|---|
| a. | Kaupanger hovedgård, hovudbygningen | inntil kr. 190 000,- |
| b. | Ormelid, øvstestova og mellomgangen | inntil kr. 127 000,- |
| c. | Dalheim/Singerheimen, villaen | inntil kr. 431 000,- |
| d. | Dalheim/Singerheimen, bungalowen | inntil kr. 165 000,- |
| e. | Dalheim/Singerheimen, dokumentasjon av hagen | inntil kr. 287 000,- |
| f. | Otternes, Håkonstova | inntil kr. 400 000,- |
| g. | Årringsdatering av bygningar | inntil kr. 60 000,- |
| **Sum fordelte tilskot** | | **kr. 1 660 000,-** |

2. Midlar frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71 vert fordelt til fyljande under føresetnad av at det vert sendt ny eller oppdatert søknad:

| | | |
|---|---|---|
| a. | Svanøy hovedgård, hovudbygningen | inntil kr. 250 000,- |
| b. | Flahammer, hovudhuset | inntil kr. 650 000,- |
| c. | Munthehuset | inntil kr. 500 000,- |

**Sum fordelte tilskot** **kr. 1 375 000,-**

3. Det vert løyvd 2 mill kroner frå førehandsløyvinga for 2020 til istandsetjng av Hotel Mundal. Vilkår for løyvinga er at eigar legg fram oppdatert søknad og realistisk framdriftsplan.

4. Det vert løyvd kr 636 000 til tiltak på steinstova på Ormelid, til antikvariske meirkostnadar knytt til el-oppgradering i øvstestova, stabburet og vedhuset. Vilkåret er at eigar legg fram spesifisert plan for arbeidet, og søknad. Fylkesdirektøren fordeler deretter løyvinga på dei enkelte delprosjekta.

5. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av midlane i kvart enkelt tilfelle.

-------------------------------------------------------

## SAK 62/19 Regionalt pilegrimssenter i Sogn og Fjordane

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil fremje Selje som regionalt pilegrimssenter som ledd i ein varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.

2. I finansieringa av det regionale pilegrimsenteret i Selje, vert det lagt il grunn at fylkeskommunen bidreg med kr. 400.000 per år frå 2020 (20% av totalkostnad på 2 mill.) under føresetnad av at staten dekker 1,2 mill. (60% av totalkostnad) og Stad kommune kr. 400.000 (20% av totalkostnad) frå 2020.

3. Saka vert sendt vidare til finansutvalet i Vestland fylkeskommune for innarbeiding i budsjett og økonomiplan for 2020

*******************************************

Hovudutvalet vurderte gildskap for Marita Aarvik. Marita Aarvik gjekk frå som ugild under handsaming av saka.

**Endringsframlegg:**
Hilmar Høl, Ap, sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil fremje Florø som regionalt pilegrimssenter som ledd i ein varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.

2. I finansieringa av det regionale pilegrimsenteret i Florø, vert det lagt il grunn at fylkeskommunen bidreg med kr. 400.000 per år frå 2020 (20% av totalkostnad på 2 mill.) under føresetnad av at staten dekker 1,2 mill. (60% av totalkostnad) og Kinn kommune kr. 400.000 (20% av totalkostnad) frå 2020.

3. Saka vert sendt vidare til finansutvalet i Vestland fylkeskommune for innarbeiding i budsjett og økonomiplan for 2020

**Avrøysting:**
Hilmar Høl sitt endringsframlegg fekk 1 røyst og vart forkasta.
Fylkesdirektøren sitt framlegg fekk 6 røyster og vart dermed vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil fremje Selje som regionalt pilegrimssenter som ledd i ein varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.

2. I finansieringa av det regionale pilegrimsenteret i Selje, vert det lagt il grunn at fylkeskommunen bidreg med kr. 400.000 per år frå 2020 (20% av totalkostnad på 2 mill.) under føresetnad av at staten dekker 1,2 mill. (60% av totalkostnad) og Stad kommune kr. 400.000 (20% av totalkostnad) frå 2020.

3. Saka vert sendt vidare til finansutvalet i Vestland fylkeskommune for innarbeiding i budsjett og økonomiplan for 2020.

---------------------------------------------------------

## SAK 63/19 Spelemidlar til idrettsanlegg - fordeling av restmidlar og inndregne midlar

**VEDTAK:**

1. Det vert løyvd 2 290 000 kr i restmidlar og inndregne midlar til følgjande anlegg:

| Kommune | Pri. | Anleggsnr. | Søkjar | 1.søk.år. | Anleggstype | Anleggskategori | Løyving |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Førde | 2 | 59457 | Sunnfjord Skisenter AS | 2018 | Nedfart | Ordinært anlegg | 779 000 |
| Førde | 5 | 70939 | Førde kommune | 2016 | Skatepark | Ordinært anlegg | 276 000 |
| Jølster | 2 | 54688 | Jølster IL | 2017 | Rehabilitering Friidrettsbane | Ordinært anlegg | 635 000 |
| Sogndal | 4 | 72163 | Sogndal kommune | 2018 | Klatrepark | Nærmiljøanlegg | 300 000 |
| Vågsøy | 3 | 60335 | Vågsøy kommune | 2017 | Streetbasket | Nærmiljøanlegg | 300 000 |
| | | | | | | **Totalt** | **2 290 000** |

2. Fylkesrådmannen får mynde til å fordele eventuelle nye inndregne midlar som vert tilgjengelege før 31.12.2019.

---------------------------------------------------------

## SAK 64/19 Overføring av Astrupkunst

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Tresnitta «Fugl på stein», «Soleinatt», «Juninatt i hagen», «Maimåne», «Heim frå arbeid»» og «Liten kornstaur», jf. vedlegg 1, vert overført til Musea i Sogn og Fjordane v/Sogn og Fjordane kunstmuseum som gåve.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at tresnitta vert verande samla, og forvalta etter museale prinsipp.

3. Ved formidling/framvising av tresnitta, føreset fylkeskommunen at utstillingar og arrangement i Astruptunet vert prioritert.

-------------------------------------------------------

## SAK 65/19 Prosess fylkeskulturprisen 2019

**VEDTAK:**

Leiar og nestleiar i hovudutval for næring og kultur får fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av fylkeskulturprisen 2019 på bakgrunn av innstilling frå innstillingsnemnda.

-------------------------------------------------------

## SAK 66/19 Kulturmidlar 2019 - utviklingstiltak

**VEDTAK:**

1. Det vert løyvd 150 000 kr til Jakob Sande-senteret sitt arbeid med å etablere «Jakob Sande – senter for forteljekunst på Vestlandet».
   a) Det er eit vilkår for løyvinga at tiltaket vert gjennomført som skissert i planane.
   b) Det skal leverast årleg rapportering og revidert rekneskap for tiltaket.

2. Det vert ikkje løyvd midlar til Bulandet & Værlandet fleirbrukshall.

-------------------------------------------------------

## SAK 67/19 Nynorskhuset i Førde - Sogn og Fjordane teater si vidare deltaking

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget viser til søknad frå Sogn og Fjordane Teater LL av 06.09.2019 og sluttar seg til at teateret inngår avtale om leige i Nynorskhuset i Førde.

2. Fylkestinget har tillit til at staten, ved Kulturdepartementet, følgjer opp varsla tilskotsauke (2020) når Nynorskhuset måtte stå ferdig (2022). Teateret bør kunne leggje til grunn at også fylkeskommunen følgjer opp med auka tilskot. Fylkestinget viser i så måte til eigen

budsjettrapport pr. 2. tertial 2019, der ein etablerer eit fond på 18 mill kr som kan nyttast til å dekke framtidige fylkeskommunale meirutgifter.

3. Ein føresetnad for fylkestinget sitt vedtak er at også Førde kommune er positive til at Sogn og Fjordane teater inngår leigeavtale med Nynorskhuset.

-------------------------------------------------------

## SAK 68/19 Mineralråd

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er innstilt på å delta i eit mineralråd for fylket om dette vert skipa innan utgangen av november 2019. Det er ein føresetnad for deltaking at fylkes-kommunen ikkje vert tillagt eit særleg ansvar for rådet, men vert deltakar på linje med dei andre.

2. Fylkesutvalet får fullmakt til å gje endeleg svar på slik deltaking. Dette kan gjerast i desember 2019. Fullmakta omfattar også utpeiking av fylkeskommunal representasjon, samt å yte ev. økonomisk bidrag innanfor den ramma som vert vedteken i fylkestinget sin budsjettrapport pr. 2. tertial 2019.

-------------------------------------------------------

## SAK 69/19 Oppseiing av avtale mellom Fjord Norge og fylkeskommunane

**VEDTAK:**

Dagens partnarskapsavtale med Fjord Norge AS vert sagt opp. Det vert innleia eit arbeid med å tinge fram ei ny avtale.

-------------------------------------------------------

## SAK 70/19 Orienteringssak. Innovasjonsnettverk i Sogn og Fjordane

**VEDTAK:**

1. Hovudutval for næring og kultur tek orienteringa til vitande.

-------------------------------------------------------